

## Kapittel 3:

# 1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

*Nils Aarsæther*

Forspelet er unnagjort, no skal undervisninga starte. Dette kapitlet tar for seg oppstarten i 1974, med spesiell vekt på korleis det faglege innhaldet i utdanninga utvikla seg.<sup>1</sup> Så tar eg for meg dei studiemessige grepa som blei utvikla utover på 1970-talet, med praksisår, Høstseminaret i samfunnsplanlegging, regionalseminar og feltkurs (som på 1970-talet blei omtalt som «ekskursjonar»). For å gjere framstillinga litt levande, fortel eg korleis det første feltkurset blei ein arena for konfrontasjon mellom eit fagmiljø ved det nye universitetet – og det nordnorske landbrukssamvirket.

Oppstarten i 1973-74 blei lettare kaotisk for fleire av dei samfunnsfaglege retningane ved stor-instituttet ISV. Ottar Brox var blitt vald inn på Stortinget. Slik gjekk det og med andre nøkkelpersonar ved Instituttet: I 1973 kom både skoleforskaren Torild Skard og historikaren Berge Furre med i Sosialistisk Valforbund si Stortingsgruppe, Furre seinare som partileiar i SV. Også professoren i Samiske studiar, Harald Eidheim, hadde returnert til Oslo. Perioden med entusiastiske gründarar og vellukka improvisasjon varte ikkje stort lenger enn eit år. Eit nytt studentkull melde seg. Det var behov for formalisering, eller med Max Weber sine ord: «rutinisering av karisma» (Weber 1947:363).

Instituttet hadde - til alt hell - tilsett ein «allround-professor»: Cato Wadel, sosialantropolog med erfaring frå studiar av sildefisket på Vestlandet og av distriktssamfunn i Canada. Han starta arbeidet sitt ved instituttet i 1972. Wadel var sterkt engasjert i undervisninga, han kunne trollbinde dei unge studentane på forelesingane, og han la ned eit stort arbeid i organiseringa av tilbodet for studentane på første året i samfunnsvitenskap, og deretter i førebuinga av det andre, spesialiserte studieåret. Wadel var ein utprega karis-

<https://doi.org/7557/7.7871> Aarsæther, N.: 1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form. I Aarsæther, N, (red.): Samfunnsplanlegging gjennom 50 år. Septentrio Reports 2 (2024).

© 2024 The author(s). This is an Open Access publication distributed under the terms of the [Creative Commons Attribution 4.0 International License](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

matisk leiar. Han ville ha ting gjort, men det skulle vere ting som motiverte og engasjerte.

Ved spesialiseringa i Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning var Odd Handegård blitt nokså aleine om å stå for undervisninga. Men han fekk hjelp: På Sosialpolitikk og aksjonsforskning var juristen Erik Boe tilsett. Han forska på, og hadde gitt ut ei bok om, Distriktenes Utbyggingsfond sin tildelingspraksis (Boe 1974). Dermed hadde han opparbeidd ein kompetanse som var vel så relevant for samfunnsplanlegging som for sosialpolitikk, og han samarbeidde med Odd Handegård om å førebu undervisningstilbodet som starta opp våren 1974. Studentane var også med på fagutviklinga: Handegård og Boe fekk hjelp av studentane Jens Revold og Helge O. Larsen til å lage det første undervisningsopplegget for samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. Lærarar og studentar samla seg etter kvart om seks tema som skulle definere undervisninga i «Distriktsplanlegging», som utdanninga først blei kalt:

- Historisk og makro-økonomisk perspektiv på planlegging
- Offentlig virksomhet: Målsetting, virkemidler, teori om regional utvikling
- Næringspolitikk
- Utbyggingsorganer, utviklingsprosjekter og lokalsamfunn
- Planlegging og økologi
- Distriktsutbygging i politisk perspektiv

Desse hovudpunkta viser tydeleg at at Ottar Brox har «forlatt åstedet»; at andre (men Brox-beslekt) faglege interesser har fått prege det faglege utviklingsarbeidet. Vi kan merke oss at Brox sin ide om generativ planlegging ikkje er med i nokon av tema-formuleringane. Forståinga av planlegging som makro-orientert, med «målsetting og virkemidler» pregar overskriftene, men dette var jo nettopp den tilnærminga til planlegging som Brox kritiserte.

«Lokalsamfunn» er også tildelt ein beskjeden plass, og i den samanhengen ordet er sett opp, saman med «utbyggingsorganer, utviklingsprosjekter» er det lett å tenke at her blir lokalsamfunn redusert til berre å vere nedslagsfeltet for offentlig politikk.

I opplistinga av undervisningstema er det er ikkje signalisert at ein vil bygge kompetanse på å utføre planlegging nedanfrå, altså å sette studentane -som ferdigutdanna kandidatar - i stand til å leie arbeidet med kommunal og regional planlegging. Fagopplegget, slik det her er skissert, framstår som innretta mot oppøving i akademisk, kritisk analyse av offentleg politikk og statleg planlegging, tydeleg inspirert av ny-marxisme og kritisk statsvitskap<sup>2</sup>, men (heldigvis) med ei klar empirisk orientering. Elles kan vi merke oss at «økologi» er med blant dei sentrale tema undervisninga skulle dekke. Det var ikkje mange fag som hadde dette temaet framme i 1974.

## Så startar studentane

Det hadde meldt seg litt fleire enn 10 studentar då undervisninga tok til i januar 1974. Undervisningsopplegget bar lite preg av klassiske forelesingsrekker; det var lagd opp til ein stor grad av eigenaktivitet blant studentane, med to seminar kvar veke. Her veksla det mellom studentframlegg basert på oppgåveprosjekt og innlegg der dei tilsette (og inviterte gjesteforelesarar) tok opp fagtema og/eller la fram sine forskingsprosjekt.

Studentane, ei blanding av røynde magistergradsstudentar, studentar med arbeidslivserfaring og heilt unge studentar, var alle sterkt engasjerte i spørsmål knytt til distriktsutvikling og planlegging, men ut frå nokså ulike perspektiv. Både mellom studentar og mellom tilsette utvikla det seg nokså harde frontar mellom «broxistar» og ulike typar «marxistar». Mange av dei radikale studentane ønskte ei undervisning basert på eit marxistisk utgangspunkt for analysen av distriktsproblema. Dei ville ha eit sterkare fokus på korleis ein kapitalistisk dominert økonomi legg føringar på den offentlege politikken, og meir spesifikt korleis den distriktpolitiske innsatsen vil bli avgrensa når statsmakta innordnar seg maktforholda i ein kapitalistisk økonomi. Dette kompromisslause marxistiske synet står i kontrast til Ottar Brox sin analyse. Han hadde analysert det politiske mulighetsromet i boka *Hva skjer i Nord-Norge?*, der poenget var kva ein politisk kunne kunne få til ved eit samspel mellom folkeleg motmakt og parlamentarisk alliansebygging.

Men også blant dei Brox-kritiske studentane var det eit tydeleg skilje: Tilhengarar av marxismen-leninismen ville ha eit studium som i tråd med Karl Marx sine tankar skulle framheve arbeidarklassa si rolle. Slik skulle undervisninga kunne gi grunnlag for å førebu ein revolusjon, eit valdeleg

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

oppger med borgarskapet si statsmakt og den private eigedomsretten til produksjonsmidla. Eit «proletariatets diktatur» var så, i følge marxismen-leninismen, neste steg på vegen mot det klasselause samfunnet.

I dag vil vi betrakte dette som passeleg livsfjernt, men på tidleg 1970-tal hadde marxist-leninistane etablert ein hegemonisk posisjon i studentmiljøa i Norge. Men det var få av desse som søkte seg til studiet i «samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning», kanskje fordi studiet hadde ein eksplisitt reformistisk profil. Dei revolusjonære studentane søkte seg heller til andre studiar, som spesialiseringa i «sosialpolitikk og aksjonsforskning». Studentar på dette fagfeltet danna ei «industrigruppe» der ein skulle studere vilkåra for mobilisering av arbeidarar i større industribedrifter i landsdelen. Dette inkluderte at studentar slutta aktivt opp om streikar i landsdelens storindustri, og fleire av dei avslutta studiane og «sjølvproletariserte» seg i industribedrifter.

Mens dei revolusjonære og sympatisørane deira fann seg til rette kring forskingsgruppa for Sosialpolitikk og aksjonsforskning, rekrutterte studiet i Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning radikale studentar som politisk sokna til SV «med omland». Desse tok avstand frå revolusjonsromantikken til marxist-leninistane. Men dei ville ha ein analyse som i større grad enn «broxismen» la vekt på å analysere rammene som kapitalismen set for utøving av ein offentleg politikk for rettferd og velferd generelt, og for ein desentraliserande distriktpolitikk spesielt. SV-orienterte studentar etterlyste dermed meir vekt på eit makro-perspektiv på maktutøvinga i samfunnet og mindre vekt på mikro-beslutningar (og generativ planlegging) som hadde hushald og lokalsamfunn som utgangspunkt.

SV-studentane tok tydeleg avstand frå marxist-leninistane sin revolusjonsteori. Å innføre ein distriktpolitikk basert på sosialistiske premiss måtte gå fredeleg for seg og bygge på eit stortingsfleirtal. I praksis ville dette bety at eit radikaliserert Arbeidarparti spelte saman med ei stor SV-gruppe for å gjennomføre strukturelle reformer. Men med eit AP (og ei LO-leiing) som aktivt hadde gått inn for norsk EEC-medlemskap, saman med høgerekreftene, var det langt fram for å lukkast med denne strategien.

Men Brox-tilhengarane, i denne perioden anført av Odd Handegård, insisterte på å bygge forståinga av samfunnet nedanfrå, og legge opp til handling ut frå ein analyse av lokale tilhøve. Broxistane hevda at også sosialistar måtte kunne «heie på lokale kapitalistar» og retta kritikken mot den teknokratiske

tenkemåten, som einssidig la vekt på støtte til industriell stordrift. Dette var imidlertid å utfordre mektige krefter og tenkemåtar, for i etterkrigstida var den storindustrielle utviklingsmodellen lagd til grunn for statleg planlegging nærast overalt, også i land som hadde tatt eit oppgjær med kapitalismen!

Brox-tilhengarane hevda at samfunnsutviklinga, også innafor ein overvegande kapitalistisk økonomi, kunne endrast og påverkast gjennom parlamentariske fleirtal, politiske alliansar og reformer, der det var eit samspel mellom utforming av offentleg politikk og folkeleg-politisk engasjement. Som nemnt hadde Ottar Brox utforma ei oppskrift for systemkritisk reformarbeid, med ambisjonar om politisk gjennomslag for ein alternativ distriktspolitikk (Brox 1966: 178-200).

Mens debatten mellom broxianarar (med fokus på hushald og lokalsamfunn) og ulike kapitalkritiske posisjonar (med fokus på staten si rolle) gjekk føre seg på studenthyblar, allmøte, seminar og i kantine, nærast lista *kommuneperspektivet* seg inn på den faglege dagsordenen. Odd Handegård hadde, før han takka av, skrive ei rekkje artiklar (i ISV sin stensilerie) med fokus på kommunen si rolle i planlegging og ikkje minst, i lokalt nærings- og utviklingsarbeid. I fortsettinga skulle det kome til å handle meir og meir om kommune i fagmiljøet.

## Ny stab i forskingsgruppa

I april 1974 blei Nils Aarsæther (f. 1947) tilsett som stipendiat i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. Han var cand.polit. frå Universitet i Bergen, med hovudfag i sosiologi, der han hadde skrive hovudoppgåve om desentralisert lokalsamfunnsutvikling i ein utkantkommune på Sunnmøre, Vanylven kommune (Aarsæther 1973). Han hadde og organisasjonserfaring som fylkessekretær i Folkebevegelsen mot norsk EEC-medlemskap (1971-72), og han var ein av stiftarane av Populistiske Arbeidsgrupper (PAG) i Bergen.

Då han som stipendiat kom til Universitet i Tromsø, hadde Ottar Brox dratt til Stortinget, og den einaste fast tilsette, Odd Handegård, var i ferd med å avslutte sitt arbeidsforhold ved instituttet og forskingsgruppa. Den einaste kollegaen til Aarsæther var då ein annan stipendiat, Reinhard Mook, men hans fagbakgrunn var meteorologi, og utover statistikkundervisning kunne

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

han i liten grad gjere seg gjeldande i den utdanninga som forskingsgruppa skulle stå for.

Instituttleiar ved ISV var i 1974 Jon Eivind Kolberg, tilsett i sosialpolitikk-gruppa. Kolberg, som stod midt oppe i ein situasjon med kombinasjonen studiestart og «masseflukt» av nøkkelpersonale, og som i tillegg var blitt sjukmeld, hadde ein uformell samtale med den nyttilsette Aarsæther. Her oppmoda han Aarsæther til å kontakte «nokon brukbare folk som du kjenner til som kan kome nordover», i eit forsøk på å løyse problema med å få undervisningspersonale på plass ved semesterstart, hausten 1974. Aarsæther foreslo å kontakte Jan Einar Reiersen, som var utdanna geograf og som jobba som vitenskapleg assistent ved Geografisk institutt ved NHH i Bergen. Reiersen sa seg villig, og han blei engasjert i ei mellombels undervisningsstilling frå hausten 1974 av.

Det høyrer med til historia at både Reiersen og Aarsæther hadde vore med i miljøet kring Ottar Brox i Bergen (Brox var tilsett ved Sosialantropologisk Institutt, Universitetet i Bergen 1968-1972). Dette var eit miljø som hadde adoptert Brox sitt populisme-omgrep og som i 1971 hadde danna studentorganisasjonen Populistiske Arbeidsgrupper (PAG) i Bergen. Frå hausten 1974 fekk studiet namnet Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, og to lojale «broxianarar» stod for undervisninga.

Det hadde vist seg håplaut å engasjere ein ny professor «på sparket» etter at Brox drog til Stortinget, og ledige lønsmiddel etter Brox blei nytta til å engasjere to vitenskaplege assistentar i 1975: Sidsel Larsen (seinare Saugestad) og Siri Gerrard, begge med magistergrad i sosialantropologi. Dermed var det skapt eit undervisningsmiljø som var lite, men stort nok til å dekke store delar av det breie feltet frå lokalsamfunnsforskning til samfunnsplanlegging: frå studiar av det uformelle dagleglivet til analysar av regional utvikling og vidare til statleg og kommunal politikk og planlegging.

Fleire tilsettingar var på gang. Abraham Hallenstvedt, statsvitar og ein nøkkelperson i oppbygginga av Organisasjonsarkivet ved Universitet i Oslo, blei tilsett, og i 1976 kom Jon Gulowsen som førsteamanuensis. Han hadde bakgrunn som sivilingeniør og erfaring som forskar på arbeidsmiljø og arbeidarrettar i industrien. Ikkje uventa var verken Hallenstvedt eller Gulowsen fagleg engasjerte i samfunnsplanlegging eller i regional- og lokalsamfunnsforskning. Hallenstvedt søkte seg, som Odd Handegård før han, over til

Nils Aarsæther

Norges Fiskerihøgskole, der han gjorde ein stor innsats i fagutviklinga, særleg gjennom sin organisasjonsteoretiske kompetanse. Gulowsen si undervisning blei etterkvart lagd til eit emne han sjølv tok initiativet til og utvikla, «Teknologi og samfunn». Dette emnet utfylte det vi kan kalle den «oversosialiserte» tenkemåten i samfunnsfaga, som lenge hadde undervurdert teknologiske endringar, og spesielt industriell organisering, si betydning for makt og samfunnsliv.

At rekrutteringa ved det nye universitet kunne verke litt paradoksal, blei understreka av at Aarsæther og Reiersen plutseleg ein dag fekk melding om at dei hadde fått (enda) ein ny kollega. Det viste seg å vere ein etnolog som nyleg var blitt tilsett ved Tromsø Museum, men på Museet var han visstnok ikkje «rett person», og løysinga var då å «sende han over» til ISV og til forskingsgruppa for samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. Etter ei tid med undervisningsmessig lediggang sørga ISV sin dyktige instituttsekretær, Terje Steen Edvardsen, for at det blei ordna med statsstipend til etnologen.

### Det første kullet definerer profilen

To studentar, Helge O. Larsen og Arne R. Hole, hadde «tjuvstarta» på det eittårige mellomfaget i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning og tok eksamen i juni 1974, mens hovuddelen av kullet tok sin eksamen i desember. I alt var det 11 studentar på 1974-kullet. Det var ingen skriftleg skoleeksamen. Eksamen bestod av semesteroppgåva, ei sjølvstendig, empirisk basert oppgåve på 20-30 sider. I tillegg kom ein munnleg eksamen, som varte om lag ein time. . Av dei 11 kandidatane var det 10 som oppnådde «laud» (2,5 eller betre). Det var 10 menn og 1 kvinne på det første kullet på lågare grad.

Semesteroppgåvene var sjølvvalde, og val av tema avspeglar både undervisningstilbodet og studentane sine interesser. Dei 11 første kandidatane hadde følgande tema for semesteroppgåvene:

- Helge O. Larsen – Rekruttering av nye hushold i en kystkommune (Leirfjord)
- Arne R. Hole – Distriktenes Utbyggingsfond som distriktspolitisk virkemiddel (Storfjord)

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

- Kari Mette Aaseth – Den moderne kvinnebevegelsen – en sentraliseringsfaktor?
- Per Anton Djupvik – Problemer eller selvfølgeligheter i distriktpolitikken
- Inge Flage – Investeringsmuligheter i periferi og sentrum
- Pål Christensen og Jens Revold – Arborsaken (Hattfjelldal). Beslutningsprosessen i et DUF-prosjekt
- Hallvard Tjelmeland – Skatteutjæmningsmidla og Tromskommunanes økonomi
- Kjell Magne Mælen – Pendling og strev for arbeidsplasser i Dyrøy kommune
- Viggo Andreassen – Planlegging, arbeidsmarked og flytting i Gratangen kommune
- Georg Kamfjord – Den privilegerte student? En analyse av statens velferdspolitikkk for studenter

Her ser vi at 9 av 10 oppgåver plasserer seg sentralt innfor distriktpolitikfeltet. Fem av oppgåvene dreier seg om enkeltkommunar, og alle desse har små utkantkommunar i Troms eller Nordland som nedslagsfelt. Oppgåvetitlane viser kva for profil faget hadde i oppstartfasen: mange av oppgåvene er ruralt og kommunalt orienterte, og nokre oppgåver tar opp verkemiddelkritikk og meir makro-orienterte debattar om distrikts-Norge si framtid.

Det var svært empiritunge arbeid studentane la fram til vurdering. Teoretisk sett var dei enkle; i praksis var dei så godt som alle bygd opp etter formelen «Ideal og realiteter»: Styresmaktene (stat, fylke eller ein kommune) ser, eller blir tvinga til å sjå, eit problem, utarbeider tiltak og set dei i verk, men går det etter planen? Gjennom innsamling og analyse av data kunne studentane svare på denne enkle problemstillinga med å konstatere at realitetane ikkje var i samsvar med ideala.

Det skorta altså ein del på tileigning og bruk av teori. Ideen bak studiet var imidlertid at studentane kunne bygge på det dei hadde lært på grunnfaget i samfunnsvitskap, altså studiet på førsteåret. Her skulle det vere ei elementær teori, metode og analysemodellar som studentane kunne nytte når dei på andre studieår, det eittårige mellomfaget, skulle gå laus på empiriske, forskingslike oppgåver.



Men dette skjedde i liten grad, for også undervisninga på grunnfaget var prega av «rapportar frå empirien», der lærarane inspirerte studentane (og kanskje også seg sjølve) ved å forelese over overraskande og utfordrande funn frå eige feltarbeid og intervjuundersøkingar.

Grunnomgrepa og treninga i å handtere dei skorta det på, kanskje fordi den fleirfaglege undervisninga blei nokså oppstykkka, med lite fagleg progresjon i opplegget: Normalt var det slik at ein faglærer frå ei av dei fire forskingsgruppene (pluss ein og annan gjesteforelesar utanfrå) «var innom», leverte sine forelesingar, og overlèt stafettpinnen til nestemann. Allround-profesoren Cato Wadel tok på seg å samle trådane, men han var jo sosialantropolog, og han la stor vekt på mikro-nivået, og, sett på spissen, berre det. «*Cato Wadel var som eit slagskip på instituttet, og dermed fekk faget ei slag-side*», kommenterte Odd Handegård<sup>1</sup>.

Så når studentane på andreåret skulle gå laus på empiriske studiar i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, var problemstillinga gjerne ulike versjonar av «Ideal og realiteter<sup>2</sup>», eit fagleg grep som hadde universell anvending, og som også kunne appliserast på distriktpolitiske tema utan at ein ville få intellektuelle kvalar (som fordjuping i avansert teori stundom fører med seg).

## Pionertid: Utoverretta tiltak blir bygd opp

I 1974 hadde Reiersen og Aarsæther overtatt og vidareført eit undervisningsopplegg som var svært så empirisk (men ikkje dermed praktisk!) orientert. Frå 1975 av kunne dei bygge opp eit studium som var meir skreddarsydd i forhold til formuleringane i «Innstilling om samfunnsvitenskapelige fag» der det var ei sterk tilråding om at fagmiljøa måtte engasjere seg i utoverretta aktivitetar<sup>3</sup>. Så på kva måte kunne undervisninga blir retta inn mot praksisfeltet: samfunnsplanlegging og distriktsutvikling? Korleis kunne den nye kunnskapen, erverva gjennom forskning og studentoppgåver, bli formidla til publikum, til næringsliv, politikk, organisasjonsliv og

---

<sup>1</sup> Sitatet er funne i eit upublisert notat frå eit møte i 1974, i Nils Aarsæther sitt arkiv.

<sup>2</sup> *Idealer og realiteter* er faktisk tittelen på Yngvar Løchen si bok om livet i et psykiatrisk sykehus.

<sup>3</sup> Universitetet i Tromsø 1972: 182-183.

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

forvaltning i landsdelen? Og kunne ein gå enno vidare, som det stod i «Innstilling...», ved å tilby rådgiving og ta på seg relevante planleggings- og utredningsoppdrag? Var det i det heile mogleg å gjere alt dette, med svært begrensa ressursar, og samtidig gjennomføre ordinær undervisning og kvalifisere seg vidare i det akademiske liv?

Svaret var ja, både fordi faglærarane var sterkt motiverte for det, og fordi dei var omgitt av eit svært så engasjert studentmiljø. På 1970-talet var mange studentar i Tromsø omtrent på same alder som lærarane, og fleire hadde yrkeserfaring. Den tids studentar fann det naturleg å stille opp ved toverretta opplegg, og dei kom med initiativ til nye innsatsar i skjeringspunktet mellom akademia og landsdel. I det følgande tar vi for oss fire tiltak som blei initiert eller følgd opp i forskingsgruppa for samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning på 1970-talet: praksisåret, feltkurset, «Høstseminaret» og regionalseminaret. Deretter vi vender vi tilbake til studentar, forskning og eit tilbakeblikk over 1970-talet, ei tid prega av visjonar, men også av interne spenningar.

### Praksisåret – i praksis altomfattande

Instituttet hadde vedtatt ei kandidatutdanning der det tredje året skulle vere eit «praksisår», ved at studenten, etter å ha gjennomført felles grunnfag og spesialisering på 2. året, skulle ut i relevant praksis. Men det blei opplevd som litt for drastisk å krevje at alle studentane på samfunnsfag skulle ut i eit års yrkespraksis; i alle fall blei praksisåret frå starten av gjort frivillig. Alternativt kunne studentane ta eit grunnfag/ei årseining som støttefag i utdanninga. Sidan praksisåret blei gjort frivillig, blei det ikkje bygd opp nokon eigen «praksisadministrasjon» på instituttnivå. På dei fire spesialiseringane blei det opp til dei tilsette å organisere eit praksistilbod ved å avtale med relevante institusjonar at desse kunne ta imot ein eller fleire praksisstudentar. Men dette blei ei nokså håplaus oppgåve, all den stund studentane kunne ombestemme seg og heller velje eit studieår, etter at det var lagd ned mykje arbeid med å legge til rette praksisplassar.

Og så var det eit problem at det frå første stund var eit anstrengt forhold mellom den «broxianske», plankritiske faggruppa på universitetet og landsdelens planleggingsinstitusjonar: fylkesmann, fylkeskommune og (by)kommune. Det som ideelt sett burde vere enkelt å få til, viste seg å vere vanskeleg å realisere. Løysinga blei at studentar som ville gjennomføre praksisår, blei

oppmoda til sjølve å ta kontakt med relevant institusjon, og så ville faglærer og administrasjonen overta, lage kontrakt, oppnemne rettleiar på UiT og sørge for at det var ein kontaktperson ved planinstitusjonen.

Det som kunne vore eit nøkkelement i formidlinga mellom plan-akademia og plan-landsdel, blei ikkje fullt ut realisert. Vel var det ein del studentar som gjennomførte praksisår, men så viste det seg at siste ledd i namnet på faget «...og lokalsamfunnsforskning» gav opningar for svært spesielle praksisformer. Var det ok å gjennomføre praksisår på same arbeidsplass som ein student hadde jobba før studiane? Var det ok å ha praksisplass som dreng på ein gard? Var det å vere husmor anerkjent som yrkespraksis, og i så fall: Kunne ein student gjennomføre praksisåret som husmor i eigen heim? Vel, på 1970-talet var dette faktisk mogleg å få godkjent, og det bidrog kanskje til å gi praksisåret eit ufortent dårleg rykte. Men planleggarstudenten Friedel Brandt (meir kjent som tidlegare trommeslagar i bandet Pussycats), gjennomførte i 1976 praksisåret som planleggar i mikrokommunen Bjarkøy (som seinare blei samanslått med Harstad).

## Høstseminaret i samfunnsplanlegging – «Talarstolen i Tromsø»

Alt frå 1975 av etablerte fagmiljøet, med Reiersen og Aarsæther i spissen, ein forløpar til det som skulle bli til det årlege Høstseminaret i samfunnsplanlegging, og som i mange år var litt av eit flaggskip i Universitetet i Tromsø si utoverretta verksemd.<sup>4</sup> Oppstarten var litt spesiell: Det var, ikkje uventa, eit litt anstrengt forhold mellom utbyggingsavdelinga i Troms fylkeskommune og Institutt for samfunnsvitskap ved UiT. Ein openberr grunn til det var den akademiske aktivismen som hadde kome til uttrykk i 1973 då Brox og Handegård «torpederte» Landsdelsplanen for Nord-Norge gjennom å publisere ei skisse til ein alternativ plan. Sjølv om både Ottar Brox og Odd Handegård hadde slutta, opplevde dei som var nyttilsette at det ikkje var forventa nokon tett fagleg kontakt med Troms (eller Nordland eller Finnmark) sine planansvarlege.

---

<sup>4</sup> I 1999 blei det utgitt eit *Festskrift i anledning det 25. Høstseminaret i samfunnsplanlegging*, med titelen *Talarstolen i Tromsø*, redigert av Trine Holm og Svein Jentoft. Dette avsnittet bygger i stor grad på innhaldet i denne publikasjonen.

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

Men det blei raskt utvikla kontaktar under leiiarnivået, og fagmiljøet på UiT såg det som svært viktig at studentane i Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning blei kjent med den praktiske planlegginga. I 1975 blei det derfor førebudd eit seminar der planleggarar og politikarar i fylkeskommunen kunne møte, og diskutere med, tilsette og studentar ved UiT. Dette seminaret blei gjennomført i kantina på fylkesbygget. Også lokalpressa var invitert. Det var litt av eit poeng at dette seminaret måtte gjennomførast utan at den administrative leiinga i fylkeskommunen fekk vite om det. I etterkant sirkulerte det ei historie om at sjefen i Utbyggingsavdelinga den dagen spurte om kor staben var blitt av, ingen var inne å kontora sine, og at han blei litt paff (for å seie det mildt) då han fekk vite at dei var nede i kantina, på seminar saman med folk frå Universitetet.

Erfaringane frå dette seminaret var så gode at Reiersen og Aarsæther bestemte seg for å følge det opp gjennom å førebu eit større, ope arrangement året etter, framleis i regi av forskingsgruppa, men no lokalisert til eit hotell i byen. Namnet på arrangementet blei *Høstseminaret i samfunnsplanlegging*, og det gjekk ut invitasjonar til alle landsdelens kommunar, fylkeskommunar, næringsorganisasjonar og frivillige organisasjonar. For studentane på samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning blei det obligatorisk å delta på haustseminaret.

At eit så lite fagmiljø tok mål av seg til å invitere «heile landsdelen» til kunnskapsformidling og debatt var ikkje så lite dristig.<sup>5</sup> Men leiinga ved instituttet støtta opp om initiativet, og sekretærar i administrasjonen laga adresse-lister og alfabetiske deltakarlistar. Ikkje så lite irriterte måtte dei ty til korrek-turlakk for å få med på listene deltakarar som hadde meldt seg på etter fristen. Det var også litt av eit problem å finne ein konto til å ta imot påmelding-savgift, med eit rekneskapssystem som var rigga for berre å betale UT. Men det gjekk seg til, igjen ved hjelp av engasjerte studentar.

Til å halde innlegg på Høstseminaret var det invitert folk frå regionale styresmakter lokalpolitikarar, gjerne slike som hadde markert seg, og sjølv-sagt fagfolk frå universitetet og andre lærestader. På det første formelle Høstseminaret (1976) var temaet forholdet mellom vekst og vern i utviklinga

---

<sup>5</sup> Men det var ein parallell: Historikarane, som også var tilsette ved ISV, begynte tidleg å invitere til årlege lokalhistoriske seminar med deltaking frå heile landsdelen (Drivenes red 2023: 35).

av landsdelen. Seminaret samla eit hundretals deltakarar; mange interesser var representerte, og det blei gode debattar, kanskje fordi seminaret var lagd opp «på tvers», utan høg grad av spesialisering. «Den raude tråden» i Høstseminaret var å lage ein møteplass for å ta opp lokale og regionale plan- og utviklingsspørsmål, og for arrangøren var det viktig både å treffe godt på aktualitet, og å vise kva Universitetet kunne bidra med. Det var også eit mål at studentane skulle få nærare kontakt med forvaltninga og nærlingslivet i landsdelen næringsliv. Derfor var det organisert gruppearbeid, det var rikeleg med pausar, og festmiddag på kvelden.

På 1970-talet blei det halde heller få konferansar. ; Universitetet i Tromsø var nytt, og mange i Nord-Norge var interesserte i kva det samfunnsfaglege miljøet kunne bidra med. Forventningane var kanskje vel store, men på Høstseminaret var det frå første stund lagt opp til to-vegs kommunikasjon: Ordførarar, gründarar, «byråkratar», forskarar og studentar utveksla kunnskapar og synspunkt; det var ikkje slik at folk kom til Tromsø og Universitetet berre for å ta til seg lærdom.

Nord-Norge er så absolutt ein del av det økonomiske og ikkje minst politiske Norge, og eit Høstseminar som berre hadde med, og talte til, landsdelens eigne folk ville blitt ein altfor snever arena. «Makta» sat jo i sør, og den måtte utfordrast, i beste nordnorske tradisjon. Det skjedde også på Haustseminaret. Frå 1978 blei representantar frå sentralt politisk og administrativt nivå inviterte, både for å delta og for å halde innlegg. Litt av poenget var å få fram kva som var på gang i sentral politikk som var retta mot eller som ville få verknader for utviklinga i Nord-Norge. Det var på Høstseminaret vi først fekk vite at nasjonale styremakter såg for seg å bruke distriktsmiddel til å «redde» industrien i større byar sørpå. Særleg dei store skipsverfta sleit, og ein openhartig byråsjef lekka at det sentralt hadde danna seg den oppfatninga at ein no måtte «sjå nærare på» bruk av middel postert til distriktsutvikling.

I 1977 kom utgreiinga Ny planleggingslov (NOU 1977:1). Bygningslova av 1966 var i ferd med å bli utdatert; det var oppgangstider og press for utbygging på 1970-talet, og lokale og statlege styresmakter såg problem med å få kontroll på byggeaktivitetar i bygd og by. Saman med studentar laga fagmiljøet ein kritisk analyse av lovframlegget. Den blei publisert i tidsskriftet *Plan og arbeid*. Høstseminaret dette året blei sjølvstilt vidd til Ny

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

planlov. Tom Hoel, ein nøkkelaktør i utforminga av det nye lovframlegget, presenterte arbeidet med, og innhaldet i, lova. I lovframlegget var prinsippet «Ingen utbygging uten plan» lagd til grunn, men på Høstseminaret kom det sterke motførestillingar: Korleis ville dette slå ut i distriktskommunar som framleis sleit med utilstrekkeleg plankapasitet? Kari Mette Aaseth, student på den tida og seinare planleggar i Troms fylkeskommune, omtalar nettopp dette i ein artikkel i festskriftet til Høstseminaret sitt 25-årsjubileum:

*... det ble hevdet at konsekvensene av en slik «speilvendning» ville være til hinder for bosettings- og næringsutvikling i distriktene. Speilvendingsprinsippet var svært omstridt og ble betydelig modifisert etter stortingsbehandlingen. Kommunene fikk myndighet til sjøl å definere i hvilke geografiske områder de strengeste arealplankravene skulle gjelde. Etter min vurdering er dette et eksempel på at Høstseminaret har vært en arena med politisk påvirkningskraft. (Aaseth 1999: 30).*

Høstseminaret heldt fram ut 1970-talet med fokus på nye trendar i regional utvikling (1979) og «Nord-Norge mot år 2000» (1980). Leiinga ved Universitetet såg positivt på tiltaket, og snart blei det naturleg at rektor opna Høstseminaret. Det blei etter kvart også naturleg å invitere statsrådar og framtreddande byråkratar til å halde innlegg. For fagmiljøet var det krevjande å stå for dette årlege arrangementet, men det blei like fullt innarbeidd som ein rutine også i instituttet sin administrasjon.

## Frå ekskursjon til feltkurs – og ein konfrontasjon

Ekskursjonar har alltid vore ein akademisk «sport», men av sporadisk karakter, avhengig av initiativ og ikkje minst budsjettmiddel. Særleg innafør geografifaget var ekskursjonar vanlege. Mens ein i Oslo kunne sette seg på eit tog og nå langt inn i Sverige på ein halv dag, var det å kome seg rundt i landsdelen, for ikkje å snakke om utlandet, noko som kravde bruk av fly. Det blei dermed nokså dyrt. Dei første to storfagskulla, 1974- og 75-kullet, måtte greie seg utan ekskursjon, men frå 1976 av kom regulære feltkurs, som etter kvart blei studieplanfesta, i gang.

Det første feltkurset gjekk til Harstad-regionen, og treng særskild omtale. Vi var eit titals studentar og tre stipendiatar som først drog til Bjarkøy, den minste kommunen i Troms, for å få eit innblikk i næringsliv og samfunnsliv i ein mikro-kommune med om lag 500 innbyggjarar, fordelt på 4 øysamfunn,

med ferje og lokalbåt som bindeledd øyene imellom, og også til fastlandet. Fagmiljøet var faktisk invitert til Bjarkøy, ikkje av ordførar eller rådmann, men av residerande kapellan Bjørn Bjørneboe (ein slektning av forfattaren Jens Bjørneboe) i Bjarkøy kyrke. I tillegg til omvising og kontakt med bønder og fiskarar blei diskusjonane etter kvart meir fokusert på kunst og religion, for presten Bjørneboe dreiv med kunstmåling og hadde også vore illustratør for salmeboka «*Det hellige bryllup*» som nettopp var utgitt (1976). Salmetekstane var skrivne av utbrytarprestane Børre Knudsen og W. Abildsnes. Heile feltkursgruppa blei innkvartert på loftet på prestegarden, og dei teologiske diskusjonane varte til langt ut på natta.

Neste dag var det båttur ut til Meløyvær, den ytste øygruppa i Bjarkøy kommune. Her kunne vi med interesse betrakte ei ny bru, bygd mellom to små øyer der det knapt budde folk. Vi besøkte eit fiskebruk som hadde laber aktivitet, men fekk kjøpt rekling (tørka kveite) og snakka med ein einsleg unggut som sat på bryggeloftet og bømte garn. Så vi fekk sterke inntrykk med oss vidare frå den ytste utkant i den minste utkantkommunen i Nord-Norge. Lite visste vi då om kva som venta oss då vi drog vidare, inn til Harstad by.

I Harstad hadde vi avtale med eit skipsverft og med Nord-Norges Melkesentral. Besøket på Kårbøs Mekaniske gjekk greitt, men å møte leiinga i Nord-Norges Melkesentral blei litt av ei påkjenning for studentar og lærarar. Grunnen til besøket var at meierinæringa var i gang med ein struktureringsprosess der fleire mindre meieri var foreslått nedlagde. Fleire av studentane hadde valt konsekvensar av meierinedlegging for bygda som oppgåvetema. Ikkje uventa hadde dei eit kritisk perspektiv på prosessar som i stor grad framstod som toppstyrte. Ved å legge inn eit besøk på «toppen» av meierisamvirket rekna vi med å få ei breiare belysning av dette konflikttemaet. Det vi opplevde, var imidlertid eit frontalangrep på forskingsgruppa si verksemd. Direktøren la fram på bordet interne notat frå studentorganisasjonen Populistiske Arbeidgrupper (PAG) i Tromsø, som han på ein eller annan måte hadde fått tak i. Her gjekk det fram det at var planlagd aksjonar for å stoppe vedtaka, eller gjennomføringa av dei, spesielt når det gjaldt planane om nedlegging av Misvær Ysteri i Salten. Studentar frå PAG i Tromsø hadde også vore i Misvær og oppildna lokalbefolkninga til noko som Melkesentralen si leing oppfatta som rein gerilja-aktivitet.

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

Direktøren i Melkesentralen heldt også fram at desse interne dokumenta frå aktivistane kom frå Universitetet i Tromsø. Det konfronterte han stipendiatar og studentar med. Han ville spesielt vite om namnet Ragnar Nilsen, som figurerte i notata, var knytt til universitetet, og godtok ikkje våre forsikringar om at ingen Ragnar Nilsen (på det dåverande tidspunktet ) var tilsett ved universitetet. Så vidt forfattaren kan huske, varte denne konfrontasjonen i tre heile timar. Så seier direktøren: «No er det middag!» Og så blir heile studentgruppa invitert på ein finare tre-rettars middag på Hotell Viking, med Melkesentralen som vertskap.

Vel, vi takka for maten etter det overdådige måltidet, og skulle ta farvel med den stridige direktøren. Men «Vi er ikkje ferdige enno!» sa han. Dermed bar det tilbake til møteromet i Melkesentralen til det som skulle bli ein ny konfrontasjon. No var leiinga i Nord-Norges Salgslag, altså kjøttprodusentane sin organisasjon, på plass og venta på tur. Førre seg hadde dei den ferske magistergradsavhandlinga til Arne Johan Johansen, ein av dei første høgaregrads-kandidatane frå utdanninga. Johansen hadde studert hushald som dreiv med sau i Kvæfjord kommune. Med Ottar Brox som rettleiar hadde han samla data frå (nærast) samtlege produsentar i Kvæfjord, store som små. På dette grunnlaget hadde han i avhandlinga foreslått ein plan for å styrke småskala sauehald i kommunen – heilt på tvers av Salgslaget sine ønske om å få etablert færre, og større, besetningar. Direktøren i Salgslaget raste mot denne studien, og gjekk gjennom avhandlinga nærast side for side for å vise korleis forfattaren gang på gang tok feil. Og igjen: Dette var det universitetet som landsdelens næringsliv hadde så store forventningar til, og som leverte så «undergravande» og amatørmessige resultat. Det gjekk iallfall to timar til med kritikk heilt på grensa av det saklege, og først i kveldinga fekk ein slukøra gjeng stipendiatar og studentar forlate landbruksnæringa i nord sin høgborg, i ei stemning av utmatting og fornedring.

Og ikkje nok med stormfulle besøket i Harstad: Kort tid etter kom ein telefon til Aarsæther frå Ottar Brox, frå Stortinget. Brox var blitt konfrontert med påstandar om Universitetet si kritikkverdige innblanding i landbrukssamvirket i Nord-Norge; dette opplevde han som litt ubehageleg og bad om å bli nærare orientert. Det høyrer også med til historia at det i årsmeldinga frå Nord-Norges Melkesentral (1977) blir skrive at landbruket i nord har eit problem med verksemda i forskingsgruppa for Samfunnsplanlegging og lokal-samfunnsforskning ved Universitetet i Tromsø.



Dette var verkeleg «feltkurs i ei brytingstid». Kritiske studiar av beslutningsprosessar og formulering av alternativ til stordrift førte i 1976 (som i dag) til store diskusjonar. Det er å håpe at studentane blei herda av å stå i slike stridigheter, og at feltkurserfaringa frå 1976 gav god innsikt i maktproblematikk, spesielt kva som kan skje når makta blir utfordra, til og med gjennom noko så uskuldig som studentoppgåver. Men samanblandinga av politisk aktivisme og samfunnsfaglege studiar var det sjølvstøtt uråd å forsvare.

Seinare ekskursjonar/ feltkurs har blitt gjennomført i langt meir fredelege former enn i 1976. Det kan vere fleire grunnar til det: Kanskje det politiske engasjementet etter kvart hadde blitt mindre, kanskje studentane var blitt meir varsame med å skrive om «vanskelege» tema, eller kanskje feltkursane hadde blitt lagd opp utan besøk på arenaer av typen «løvens hule»?

### Regionalseminaret

Den utoverretta aktiviteten i regi av forskingsgruppa blei effektivt bygd opp utover på 1970-talet, med praksisår, Høstseminar, feltkurs og til sist Regionalseminaret. Her er forhistoria ein «link» til det som skjedde ved Universitetet i Bergen nokre år før oppstarten i Tromsø: Då Ottar Brox var tilsett ved Universitetet i Bergen (1968-72) etablerte han «regionalseminaret» ved det samfunnsvitskaplege fakultetet. Dette blei litt av ein møteplass for høvdingane innanfor samfunnsfaga på den tida: Stein Rokkan, Fredrik Barth, Hans Skjervheim, Gudmund Hernes, Johan P. Olsen, Knut Dahl Jacobsen, Else Øyen, Ørjar Øyen, Paul Olav Berg, Jens Chr. Hansen og Øyvind Østerud. Dei var alle blant dei som regelmessig (eller sporadisk) dukka opp for å diskutere aktuelle faglege og fagpolitiske tema. Vi som var så heldige å vere studentar i Bergen på den tida fekk oppleve filosofar, geografar, antropologar, sosiologar og statsvitarar i sylskarpe duellar, alltid med ein regional/lokal vri. Det passa seminarleiar Ottar Brox på.

Noko slikt måtte vi jo ha i Tromsø også. Sannsynlegvis var det Jan Einar Reiersen som «fann på» ideen om Regionalseminar i forskingsgruppa sin regi, der vi inviterte ressurspersonar i og utanfor academia til uformelle framlegg og drøftingar, alltid med eit aktuelt tema. Nye NOU-ar og Stortingsmeldingar blei grundig analysert og dissekert i dette forumet, der studentane deltok aktivt og på linje med dei tilsette. Regjeringa sine meldin-

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

gar om oljepolitikk, distriktpolitikk og fiskeripolitikk var det viktig å stimulere til debatt om.

Formatet var nøye valt: Regionalseminaret skulle vere det siste som skjedde fagleg i arbeidsveka, fredag kl 1315 – 15. Om det deretter var kollegial fredagskaffi, eller om ein umiddelbart trekte sørover i Storgata til Ølhallen, følgde opp i «Lysløypa» eller drog direkte heim, var opp til den enkelte. På Ølhallen var student Helge O. Larsen, seinare assistent for Nils Aarsæther og Ottar Brox, så stipendiat, førstemanuensis, professor i statsvitskap, og til sist rektor ved Høgskolen Nesna (1952-2012) ein populær mann og ofte det sosiale midtpunktet.

Når Regionalseminaret blei arrangert kvar 14. dag var det lett å nytte høvet til å ta opp aktuelle tema, invitere inn folk som hadde markert seg i den offentlege debatten (utan budsjett måtte vi begrense oss til kapasitetar i byen med omland), og regelmessig bringe studentar i kontakt med det som skjedde «der ute». Møtet mellom academia og etablerte maktsentra i landsdelen kunne i ein startfase vere svært krevjande. Ein landsdel som i tråd med 1950-talet sin Nord-Norgeplan var blitt rigga for modernisering basert på stordriftsløysingar møtte på 1970-talet eit nytt, men overvegande «romantisk-politisk» universitetsmiljø som ikkje ville innsjå at fiskarbondens tid var forbi. Det var ikkje uventa at irritasjon og sinne over at store nærings- og energiprojekt blei stoppa eller sett på vent, grunna aktivisme ved, og nær, det nye universitetet. Og desse spenningane kom ikkje uventa til uttrykk på dei nye møteplassane mellom landsdel og academia som blei etablert<sup>6</sup>. Men mot slutten av 1970-talet blei motsetningane dempa. Ingen skreiv lenger i lokalavisene at desse akademikarane berre kunne hute seg sørover igjen<sup>7</sup>.

---

<sup>6</sup> Her kjem ein fotnote frå februar 2024: Dagen etter at Ottar Brox gjekk bort, var hovudoppslaget på forsida i avisa Nordlys (17.02.24) at trålnæringa fryktar tap av arbeidsplassar ved den nye «Kvotemeldinga». I oppslaget uttalar «myndighetskontakten» for landets største tråltrederi at AP, SP og SV einsidig vektlegg sjarkfiskere og «Ottar Brox-politikk».

<sup>7</sup> Dette opplevde Odd Handegård, etter at han publiserte «Kroken-rapporten» i 1974, om planlegging av ein ny bydel, der han m.a. viste at kommuneadministrasjonen ikkje hadde lagd inn skoletilbod i den nye bydelen. Rapporten blei revidert og utgitt på nytt i 2006.

## Kandidatar og kunnskapsproduksjon

Midt på 1970-talet begynte dei første høgeregradskandidatane å bli uteksaminerte. Vi har allereie nemnd Arne Johan Johansen, som hadde jordbruksutvikling i Kvæfjord som tema. Men før han hadde Ole Johan Andersen levert den første magistergraden i forskingsgruppa, med ein studie av ulike perspektiv på offentleg (distrikts)politikk (1975). Norsk distriktpolitikk var også tema for Bjørn Hersoug og Dag Leonardsen, som i 1976 tok magistergradseksamen i sosiologi med ei samskrive avhandling på 600 sider ( som i 1979 i forkorta form – 306 sider – blei utgitt på Pax forlag). Den siste magisteren tilknytta forskingsgruppa i pionertida var Georg Kamfjord, som i 1977 tok eksamen på ei avhandling kalt «Velferdskampen» - om velferdstiltak for studentar og kampen om dei.

Heilt mot slutten av 1970-talet tok dei to første hovudfagskandidatane eksamen, dei første som hadde gjennomført eit studieløp i Tromsø frå start til mål, i samfunnsvitskap med spesialisering i *samfunnsplanlegging og lokal-samfunnsforskning*. Det var Helge O. Larsen, som skreiv om utviklingsarbeid i fire Helgelands-kommunar, og Kari Mette Aaseth, som skreiv om hushaldsetablering og reguleringsplanlegging i eit av Tromsø kommune sine bygdemiljø. Begge tok eksamen i 1979.

Det blei så absolutt «folk» av kandidatane frå pionertida. Om vi tar for oss desse sju første, fem magistrar og to cand.polit.ar, så blei heile fem av dei sju professorar. Ei blei planleggar på fylkesnivå, ein blei lærar i grunnskolen. Ein professorandel på 71% må seiast å vere imponerande, mens kjønnsfordelinga var skeiv: Berre ei av sju var kvinne.

På lågare nivå - det eittårige mellomfaget i samfunnsplanlegging og lokal-samfunnsforskning - var det litt opp og ned med rekruttering og uteksaminering. Berre 2 tok eksamen i 1976, men året etter var det 11. Tabellen på neste side illustrerer utviklinga utover på 1970-talet:

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

1974	1975	1976	1977	1978	1979	1974-79
11	6	2	11	7	4	41

Tabell 3.1: Uteksaminerte studentar på mellomfag (eittårig) i samfunnsvitenskap, retning samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning 1974-1979.<sup>8</sup>

Det er ikkje store tal her, tvert om er inntrykket eit fagtilbod som slit med rekruttering av nye studentar. Vi har allereie omtalt temavala for det første kullet (1974-kullet). Fokuset på distriktsproblematikk er vidareført gjennom heile 1970-talet, enten ved case-studiar på kommune-nivå eller analysar av statleg (distrikts)politikk. Berre 2 av 41 oppgåver er tematisk retta inn mot studiar i bysamfunn. Professorandelen her er naturleg nok ikkje så stor som hos dei første høgregradskandidatane. Men blant dei 41 som tok mellom/storfag på 1970-talet blei 7 professorar, dvs. ein ikkje ubetydeleg andel på 17%. 9 av 41 var kvinner, så i starten var samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning ei utdanning med klart størst appell til menn.

Den akademiske arbeidsmarknaden var på 1970-talet prega av sterk etterspurnad etter kandidatar med samfunnsfagleg skoloring. Universitetet i Tromsø hadde sterkt vekst i stillingar, og nye distriktshøgskolar dukka opp i by og bygd. Desse etablerte utdanningsretningar der ein etterspurde personale som kunne tilføre samfunnsperspektiv innan økonomifag, helse- og sosialfag og pedagogikk. Å kunne bli høgskulelektor, amanuensis og kanskje seinare professor, framstod for mange som meir attraktivt enn å jobbe som planleggar på kommune- eller fylkesnivå. Dermed fekk ikkje fagmiljøet den første tida så mange tilbakemeldingar frå praksisfeltet. Utfordringane kom i større grad frå samfunnsvitarar som for eksempel inviterte til vitskaps-teoretisk debatt om Ottar Brox si posisjonering, paradoksalt nok stimulert av den einsiders artikkelen «Kokfisk», eller av Brox sin studie av rasjonaliteten til bygdefolk som motsette seg tilførsel av straum og veg, «Avvising av stor-samfunnet» (Brox 1966, 1964).

## Fagleg strid – og dreining

Frå starten av var det «perspektiv-kamp» på utdanninga – og på instituttet som heilskap. Ottar Brox si mikro-orienterte tilnærming til planlegging, generativ planlegging, blei utfordra, både av Odd Handegård og Nils Aarsæther sitt kommune-perspektiv og magisterstudentane sine ønsker om å

---

<sup>8</sup> Kjelde: *Oversikt over storfagsoppgaver 1974-1983* Upubl. notat, ISV.

ha eit kritisk systemperspektiv på statleg politikk overfor distrikts-Norge. Cato Wadel er nemnt, han var ifølgje Odd Handegård «som eit slagskip ved Instituttet». Mange studentar var lite nøgde med at så store delar av undervisninga blei levert av mikro-orienterte antropologar, og at det var for lite makro-analysar levert av statsvitarar og sosiologar.

Striden kom tydeleg til uttrykk då samfunnsfaga sine tilsette skulle ta stilling til utforminga av studiet på det fjerde året på lågare grad - altså studieåret som skulle avslutte cand.mag.-graden. Det blei nedsett ein «Fjerdeårskomite», og den kom med eit framlegg om det lite kreative namnet «Fjerdeåret» på det siste året i cand.mag.-graden. Innhaldet framtod i store trekk som ei vidareføring (enkelt ville seie repetisjon) av den undervisninga som var gitt på førsteåret. «Fjerdeåret» blei starta i studieåret 1976, men det blei snart missnøye med at studiet i stor grad tok opp tema som studentane hadde studert tidlegare – med dei same forelesarane. Antropologiske perspektiv dominerte som det gjorde tidlegare i studiet, mens for eksempel kompetanse på å studere (statleg) politikk var så godt som fråverande.

Parallelt med utviklinga av «Fjerdeåret» blei det på initiativ frå institutt-administrasjonen arbeidd fram ein studieplan for eit årsstudium/grunnfag i «Offentlig forvaltning og organisasjonslære», eit statsvitskapleg orientert fag, men med innslag av juss (offentleg rett). Det kom framlegg om å starte opp dette studiet, først grunngeve med at det kunne inngå som eit alternativ til «Fjerdeåret». I praksis ville denne endringa føre til ei nedlegging av «Fjerdeårsfaget». Oppstart av det nye faget blei vedtatt, etter mykje strid. Motstandarane hevda at å innføre dette faget ville føre til ei fragmentering og oppsplitting i forhold til ideen om integrasjon og tverrfagleg samarbeid. Argumentet for det nye faget var at studentane ville få ein breiare og meir praktisk retta kompetanse i cand.mag.-graden, tilført statsvitskapleg, juridisk og organisasjonsteoretisk kunnskap.

Men det blei også hevda at innføringa av det disiplinære grunnfaget ville underminere heile den tverrfaglege tenkinga som samfunnsfaga i Tromsø var tufta på. Dei som hevda dette, skulle etter kvart få rett.

Så både innan samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, og på instituttet i det heile, utvikla det seg ein hegemoni-kamp mot slutten av 1970-talet. Innafor utdanninga Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

blei det hevda at studiet var for empirisk lagt opp. I denne faggruppa levde framleis erkjenninga av at fleire fagdisiplinar og fagtradisjonar måtte aktive-rast for å analysere planlegging og lokal utvikling. Den empirisk anlagde undervisninga var i stor grad nettopp det, men studentane blei i liten grad gjort kjent med, eller opplært i, det teoretiske grunnlaget som studiane bygde på.

Derfor blei undervisningsopplegget endra, med innføringsrekker i det teoretiske grunnlaget for lokalsamfunnsanalyse, i det teoretiske grunnlaget for planlegging og i det teoretiske grunnlaget for regional analyse. Men heller ikkje dette skjedde utan sverdslag. Den tredelte teoriundervisninga i hhv. (delar av) antropologi (lokalsamfunn), delar av statvitskap (planteori, lokal-demokrati-teori) og delar av geografi (regionaløkonomi og lokaliseringsteori) kunne synast godt begrunna, men det kunne også føre til ei fagleg oppsplitting og mindre samarbeid på tvers. Ein av kritikarane av denne inndelinga var stipendiat (seinare professor) Ragnar Nilsen. I eit upublisert notat av 19.11.1979 gir han til kjenne skepsis, for han meiner at inndelinga i det nye pensumet i for stor grad oppmodar studentane til å velje side og spesialisere seg, heller enn at dei lærte seg å kombinere perspektiv frå dei ulike fagdisiplinane (Nilsen 1979:4).

Forslaget til endring av undervisningsopplegget, som var fremja av ei samla faggruppe, kunne sjølvsagt føre i begge retningar. Som Ragnar Nilsen skriv kunne den både virke oppsplittande og føre til spesialisering, men motivet var å tilføre reiskapar som basis for fagleg integrering og å gjere eit mangfald av perspektiv tydeleg. Alt ville stå og falle med staben si romslegheit og evne til å vise studentane ikkje «det rette» perspektivet eller «den rette» disiplinen, men korleis ein måtte kombinere perspektiv frå fleire disiplinær for å dekke vesentlege sider ved eit problem eller ei problemstilling. Nettopp ved at lærarane kunne motivere studentar til å først skolere seg, og så tenke på tvers, ville kvaliteten på dei samfunnsfaglege arbeida blir betre her, enn ved noko disiplin-fag, var tanken. Nedslagsfeltet måtte vere i skjeringsfelt, og undervisninga måtte vise samspel og spenningar mellom formelle og uformelle sider ved sosialt liv, i politikk og i planlegging, og i regionale utviklingsprosessar. Ragnar Nilsen formulerer dette godt i notatet:

*Vi må altså ikkje risikere å føre vidare dei veike sidene ved dei tradisjonelle samfunnsvitskaplege disiplinane. Særleg ikkje når vi vel må seiast å stå i ein særleg god posisjon til å unngå akkurat dette. (Nilsen 1979:5)*

I neste kapittel, som handlar om 1980-talet, skal vi sjå at det tverrfaglege prosjektet ved Universitetet i Tromsø – der utdanninga i «samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning» vel framstod som eit flaggskip, blei alvorleg skaka. Ein liten forsmak på dette finn vi på 1970-talet, då tre sosialantropologar ved Institutt for samfunnsvitenskap (Per Mathiesen, Trond Thuen, Sidsel Saugestad) gjekk saman om å ta oppdraget «Generalplan for Karlsøy kommune», utan å involvere eller informere kollegaer utanfor det antropologiske feltet. Dette planarbeidet blei ferdigstilt i 1979. Ideen om at planarbeid fordra tverrfagleg samarbeid, var dermed blitt utfordra, innanfrå.

## Litteratur

Andersen, O. J. (1975). *Ulike perspektiv på offentlig politikk*. Mag.art. Avhandling i sosiologi, Universitet i Tromsø.

Boe, E. (1974). *Distriktenes Utbyggingsfond*. Stensil, Universitetet i Tromsø, Institutt for samfunnsvitenskap.

Brox, O. (1964) *Avvisning av storsamfunnet som økonomisk tilpasningsform*. Tidsskrift for samfunnsforskning, nr 4

Brox, O. (1966). *Kokfisk*. Gløtt frå Tromsø Museum, XXI.

Drivenes, E. A. red. (2023). *Historiefaget ved UiT gjennom 50 år*. Tromsø: UiT Norges Arktiske Universitet.

Handegård, O. (2006). *En bydel blir til («Kroken-rapporten»)*. Tromsø: Vale forlag.

Hersoug, B. & Leonardsen, D. (1976). *Distriktpolitikk og ideologi. En historisk/sosiologisk analyse av Arbeiderpartiets nærings- og distriktpolitikk i tiden 1935-72*. Mag. art. avhandling, Universitetet i Tromsø.

Hersoug, B. & Leonardsen, D. (1979). *Bygger de landet?* Oslo: Pax forlag.

Johansen, A. J. (1976). *Sentrumsvekst og utkantproblemer: En analyse med utgangspunkt i Kvæfjord kommune, og med særlog vekt på jordbrukets rolle*. Avhandling til mag.art. i sosiologi

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

Larsen, H. O. (1979). *Kommunalpolitikk og tiltaksorganisasjon: en undersøkelse av kommunalt næringsengasjement i fire kystkommuner på Helgeland*. Cand.polit.- oppgave, Institutt for samfunnsvitenskap, Univ. i Tromsø

Nilsen, R. (1979). *Er planlegging menneskeverk?* Upubl. notat, ISV, Universitet i Tromsø

Reiersen, J. E. (1999). *Høstseminaret i samfunnsplanlegging 25 år*, i Holm, T. & Jentoft, S. red. *Talerstolen i Tromsø. Festskrift i anledning det 25. Høstseminaret i samfunnsplanlegging*. Tromsø: Ravnetrykk, Universitetet i Tromsø.

Universitetet i Tromsø (1972). *Innstilling om samfunnsfag og humanistiske fag ved Universitetet i Tromsø*. Tromsø: Universitetsforlaget.

Weber, M. (1947). *The Theory of Social and Economic Organization*. New York: The Free Press.

Østerud, Ø. (1972). *Samfunnsplanlegging og politisk system. En analyse av offentlig planlegging som ideologi*. Oslo: Gyldendal.

Aarsæther, N. (1973). *Modernisering utan sentralisering – lokalsamfunnsutvikling i Vanylven kommune*. Hovudoppgåve i sosiologi, Universitet i Bergen.

Aaseth, K. M. (1979). *Frå bygdelag til villastrøk: en analyse av betingelser for husholdsetableringer sett i forhold til fysisk planlegging*. Cand.polit.- oppgave, Institutt for samfunnsvitenskap, Univ. i Tromsø.

Aaseth, K.M. (1999). *Høstseminaret - sett frå studentens og etterhvert planleggerens ståsted*, i Holm, T. & Jentoft, S. red. *Talerstolen i Tromsø. Festskrift i anledning det 25. Høstseminaret i samfunnsplanlegging*. Tromsø: Ravnetrykk, Universitetet i Tromsø.